

Til høyringspartane

Knarvik, 4. desember 2015

## **Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland. Høyring**

Etter oppdrag frå Regionrådet er det utarbeida eit høyringsforslag for interkommunal nærings- og samfunnsplan for regionen. Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har vore prosjektansvarlege og har nedsett ei styringsgruppe og arbeidsgruppe for planarbeidet.

Planarbeidet var ferdig våren 2015, men styringsgruppa ønskte å presentere planen for dei nye kommunestyra etter valet i år og utsette høyringsperioden til årsskiftet.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv.

Dette er ein plan for kommunane i Region Nordhordland og for NUI. Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid. I tillegg til lovpålagte oppgåver og tenesteproduksjon, har kommunane ei rolle som utviklingsaktør i regionen. Gjennom denne planen får kommunane og NUI mål og strategiar for korleis dei skal fylle denne rolla.

Hovudmålet i planen er at Region Nordhordland skal vere ein region med sterkt næringsliv og attraktivt bumiljø. Vidare er planen delt opp i fem fokusområder med kvar sitt delmål. Fokusområda er Næringsliv, Innovasjon og gründerskap, Bumiljø og tettstadsutvikling, Infrastruktur og Omdømme.

Tiltaka er sett opp under kvart fokusområde og skal gjelde for 2016 – 2017. Til kvart tiltak er det sett opp kven som har hovudansvar og kven dei aktuelle samarbeidspartnerane er. Det er meint at tiltaksdelen skal rullerast etter to år.

Vi ber høyringspartane om å vere særleg merksam på:

- Hovudmålsetting
- Prioritering av fokusområder, delmål og tiltak
- Kva fokusområde / tiltak må prioriterast sterkest den komande 2-års perioden?
- Planen som verkty for samhandling mellom forvaltningsnivå

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil oppmøde alle høyingspartar til å nytte høve til å gje uttale til planen. Desse vil danne grunnlaget for den endelige nærings- og samfunnssplanen som er tenkt vedteke av Regionrådet i mars/april 2016.

Faktagrunnlaget som ligg ved strategidokumentet vart utarbeidd for, og vart nytta i, prosessarbeidet til planen.

Høyingsuttale sendast på e-post til [post@nordhordland.net](mailto:post@nordhordland.net)

Fristen er sett til 15. februar 2016.

Med beste helsing



Rune Heradstveit

Dagleg leiari

Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Kari Evensen Natland

Næringskonsulent

Nordhordland Utviklingsselskap IKS